



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Folgefonna nasjonalparkstyre

**Møtestad:** Teams

**Dato:** 24.10.2024

**Tidspunkt:** 09:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

| Utvalgs-<br>saksnr | Innhold   | Lukket | Arkiv-<br>saksnr |
|--------------------|---|--------|------------------|
| ST 21/24           | Godkjenning av innkalling og dagsorden  |        |                  |
| ST 22/24           | Val av styremedlem til å skrive under protokollen   |        |                  |
| ST 23/24           | Saksframlegg - Ny søknad om sikringsbu på Holmaskjer turisthytte - Folgefonna nasjonalpark - Odda/Ullensvang turlag   |        | 2024/789         |
| ST 24/24           | Framlegg - søknad om å køyre organiserte turar med hundeslede i Folgefonna nasjonalpark - Monica Hundseid   |        | 2023/13980       |
| ST 25/24           | Utviding og endring av løyve - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - Hjortedalen - Valestrand Beitelag  |        | 2023/17709       |
| ST 26/24           | Referatsaker  |        |                  |
| RS 8/24            | Vedtak i klagesak - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu - Vierdal  |        | 2022/11690       |
| RS 9/24            | Svar på spørsmål om løyve til hogst - Hogst i Ænesdalen   |        | 2024/12609       |
| RS 10/24           | Erfaringar med organiserte turar med hundeslede i Folgefonna nasjonalpark sesongen 2024   |        | 2023/13980       |
| RS 11/24           | Høyringsuttale - Folgefonna nasjonalpark - kjøre hundeslede - Monica Hundseid   |        | 2023/13980       |
| ST 27/24           | Delegerte saker   |        |                  |
| DS 22/24           | Delegert løyve - Buer landskapsvernområde - fleirårig helikoptertransport for tilsyn av storfe - Buerstølen - Bjørn Buer  |        | 2020/11240       |
| DS 23/24           | Utvida løyve 2024 - lavtflyging og landing med helikopter på Hersetenuten og Ridbjørg i Folgefonna nasjonalpark - Norges Geologiske Undersøkelse - Folgefonna nasjonalparkstyre |        | 2022/10242       |
| DS 24/24           | Delegert vedtak - motorferdsel til Breidablikk turisthytte i Bondhudalen landskapsvernområde i samband med vedlikehald - Folgefonna nasjonalparkstyre                           |        | 2024/15238       |
| DS 25/24           | Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikoptertransport - vedlikehald av sti - Reinanuten - Isvatn   |        | 2024/11769       |
| DS 26/24           | Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - ATV - hjort - Ænesdalen - Nyskre - Hestabotnen - Per Magne Enes 2024   |        | 2021/13019       |
| DS 27/24           | Delegert vedtak - motorferdsel med helikopter i Folgefonna nasjonalpark - Raunsdalen - Folgefonna nasjonalparkstyre   |        | 2024/12647       |

|          |   |            |
|----------|---|------------|
| DS 28/24 | Delegert løyve - motorferdsel med helikopter og drone for å finne sau på utmarksbeite - Folgefonna nasjonalpark | 2024/15236 |
| DS 29/24 | Løyve til motorferdsel - Bondhusdalen landskapsvernområde - restaurering av sti - Pyttelva til Nædstasetra      | 2024/2959  |

**ST 21/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 22/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2024/789-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 16.10.2024

| Utval                        | Utvalssak | Møtedato   |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 23/24     | 24.10.2024 |

## Saksframlegg - Ny søknad om sikringsbu på Holmaskjer turisthytte - Folgefonna nasjonalpark - Odda/Ullensvang turlag

### Framlegg frå forvaltar

Med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 gir Folgefonna nasjonalparkstyre Odda/Ullensvang turlag løyve til å byggje ei sikringsbu ved Holmaskjer turisthytte i Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gitt med følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld bygging av sikringsbu med ytre mål 6,01 m x 5,44 m i samsvar med byggeteikningar vedlagt løyvet.
2. Plasseringa av sikringshytta skal samsvare med situasjonskart (Figur 4)
3. Eksisterande bygg for toalett og vedskjul skal fjernast innan 10 år og plan for ny sanitærløysing vert utarbeidd saman med nasjonalparkstyret
4. Holmaskjer turisthytte skal halde fram som sjølvbetent hytte og ikkje auke tal sengeplassar.
5. I driftsfasen av den nye sikringshytta skal nivået på motorferdsel liggje på dagens nivå, som er 4 turar helikopter og 8 turar med snøskuter i året
6. Om sikringshytta mister sin funksjon eller blir øydelagt, har tiltakshavar ansvar for å fjerne bygget
7. Ved vesentlege endringar i byggjeprojektet skal nasjonalparkstyret bli underretta. Dette gjeld endringar i framdrift, grunntilhøve, fasade og anna.
8. Søkjar er ansvarleg for å rydde opp etter byggjearbeidet og handtere avfall og rivingsmateriale forsvarleg.
9. Byggjearbeid skal vere avslutta og plassen rydda for byggjeavfall innan 01.12.2025.
10. Når tiltaket er ferdig skal det dokumenterast med bilete som vert sendt til nasjonalparkstyret ved forvaltar.

---

|                     |  |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| Naturreservat       | Langebudalen   |



11. Naudsynt motorferdsel må søkast om i eigen søknad. Søknaden må ha gode utrekningar på tal hiv og estimere om lag når det er aktuelt å fly.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad om bygging av sikringshytte frå Odda/Ullensvang turlag (OUT)
- Planteikningar med fasade, snitt og situasjonskart (utarbeida av Lyngstad Bygg)
- Brev frå Klima- og miljødepartementet datert 02.03.2015 med retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48

## Saksgong

- 06.12.2023 Søknad om å byggja sikringsbu blei sendt til nasjonalparkstyret.
- 14.03.2024 Vedtak frå Folgefonna nasjonalparkstyre
- 03.04.2024 Miljødirektoratet varsla mogleg omgjerung av vedtaket til nasjonalparkstyret.
- 08.04.2024 OUT svarte på varselet,
- 19.04.2024 uttalte nasjonalparkstyret seg.
- 15.05.2024 Vedtak omgjort av Miljødirektoratet.
- 19.08.2024 Ny søknad om sikringsbu frå OUT

Omgjering av vedtaket blei gjort med bakgrunn i at ein dispensasjon for oppføring av ei sikringsbu i den storleiken ikkje kan gis etter naturmangfaldlova. Miljødirektoratet visar til at det blir meir enn ei sikringsbu og det ikkje kan gis dispensasjon til eit slikt tiltak.

## Søknaden

Odda/Ullensvang Turlag (OUT) søker om å byggje ei sikringshytte ved turisthytta Holmaskjer. Holmaskjer turisthytte vart reist i 1988 og ligg 1565 moh. på «eit skjær» i fast fjell oppe på breen. Hytta har ei grunnflate på litt over 70 m<sup>2</sup> med 18 faste sengeplassar og eit årleg besøk på om lag 200 personar. I tillegg til hytta er det eit mindre bygg for toalett og oppbevaring av ved. Pyttebuene, to små bygg aust for Holmaskjer turisthytte, er einaste alternativ til gjestane på hytta ved eit naudstilfelle, og rommar berre 2-3 personar. Holmaskjer ligg avsides og vêrhardt til. Næraste hytte er Fonnabu som er om lag 6 km unna, der ein må krysse breen. Næraste veg er om lag 8.5 km ned Tokheimslia til Odda, og tek om lag 5 timar.

OUT søker på nytt om å bygge ei sikringsbu på Holmaskjer for å ivareta tryggleiken til dei besøkande på hytta. OUT har vurdert å nytte eksisterande toalett/vedskjul som sikringsbu med ei ombygging. Toalett ligg berre 5 meter frå hovudhytte og vil ha stor fare for å brenne ned om hovudhytta brenn. Difor ynskjer OUT å søkja om dispensasjon frå verneforskrifta for å byggje ei trygg sikringsbu.

Etter Miljødirektoratet gjorde om løyvet til nasjonalparkstyret har OUT meir enn halvert byggearealet og seinka mønehøgde med 60 cm og gesimshøgde med 15 cm. Nytt forslag til sikringsbu er også plassert lenger ned i terrenget. Det er ikkje tilrettelagt for overnatting med hund eller bruk av sikringsbua utanom i naudsituasjon.



Fig

ur 1. Holmaskjer turisthytte slik ho står i dag, med eit bygg for toalett og vedskjul til venstre.



Figur 1 Flyfoto viser eksisterande bygningar og plassering av desse i terrenget rundt Holmaskjer

## Utforming

Sikringshytta skal ha ein storleik på 32 m<sup>2</sup> og byggjast med terrenget. Hytta skal ha saltak, trekledning på vegg, tretak og lik farge som eksisterande hytte. Sikringsbua vert bygd på støypte pålar som gir minimalt innverknad på terrenget. Hytta vil ligge lågare enn hovudhytta, ein vil ikkje sjå sikringshytta når ein kjem i frå Tokheim eller Fonnabu før ein er oppå «skjæret».




Hytta inneheld eitt soverom, stue/kjøken og hems med madrassar. Det vil bli lagt til rette med eit enkelt kokeapparat i stue/kjøken med moglegheit for å koke mat. Vedomn vert plassert i stue/kjøkken. I stue/kjøken vert det lagt til rette med benkar, som ein kan sove på ved behov.

Avstanden til hovudhytta er sett til 18.5 m, det er krav i TEK 17 § 11-6 om minimum 8 m frå eksisterande byggverk, minimumskravet er dobla med tanke på vêrforholda med kraftig vind som fort kan spreie ein brann.


Tiltaket vil fylgja krav iht. Tek 17 så langt det lar seg gjera. Det vil verta lagd opp til solcelleanlegg og solcellepanel på vegg mot aust for å kunne ha enkel belysning i hytta.

### Hovudgrunnar for ei sikringshytte


- Sikre tryggleiken til gjester ved brann
- Etablere nytt toalettsystem som samsvarar med dagens miljøkrav. Dagens løysing er eit lite tilbygg på sida av eksisterande bygg
- Etablere lagring av ved og avfallsdunkar
- Leggje til rette for hundar og hundeeigarar
- Auke fellesareala ved Holmaskjer. Dette vil gjere det mogleg å ha fellesturar og arrangement utan at det blir trangt for andre som overnattar.




**Figur 3.** Planteikningar til sikringshytta viser eit lite soverom, stove/kjøken og ein liten gang i hovudetasje. På loftet er det ei lita trapp og to små soverom med madrassar.



**Figur 4.** Situasjonskart som viser plassering av sikringbua i forhold til eksisterende hytte. Pyttebu (dagens sikringsbu for 2-3 personer) i venstre kant. Tilbygget for dagens toalett er ikkje teikna inn.



**Figur 2** Situasjonsplan som viser eksisterende hytte og planlagt sikringsbu.



Figur 3 Perspektiv før og etter

## Verneføremål og lovheimel

Saka gjeld nybygg i Folgefonna nasjonalpark og må vurderast etter verneforskrifta og retningslinene gitt i forvaltningsplanen.

Føremålet med vern av Folgefonna nasjonalpark er å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre. Dette inneber å ta vare på verdifull vassdragsnatur, geologiske førekomstar, økosystem, artar og sikre verdifulle kulturminne. Ålmenta ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Folgefonna nasjonalpark er i utgangspunktet verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting og ombygging av bygningar, jf. verneforskrift § 3 punkt 1.1. I nokon samanhengar kan forvaltingstyresmakta gi løyve til ombygging, utviding og nybygg. Oppføring av sikringshytter knytt til DNT sine turisthytter er ikkje blant dei punkta forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til. Søknaden må difor handsamast etter naturmangfaldlova §48 (*dispensasjon frå vernevedtak*).

### Naturmangfaldlova §48:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig,*



*eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Miljødirektoratet presiserer i sitt omgjøringsvedtak, frå 15.05.2024 at § 48 andre alternativ, å gi løyve av omsyn til tryggleik, ikkje er meint for å gi løyve til bygningar til sikring. Dei viser også til at fyrste alternativ i § 48 (foreneleg med verneføremål og verneverdiar) er meint for mindre tiltak og forbigåande uroing som har liten betydning for vernet. Bygging av heilt nye bygningar fell som utgangspunkt utanfor heimelen til å gi dispensasjon.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggst til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader eit tiltak har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Søkjjar er sjølv ansvarleg for naudsynt byggjeløyve frå kommunen, etter plan- og bygningsslova og løyve frå aktuelle grunneigarar.

## Vurdering


Verneforskrifta for Folgefonna opnar ikkje for bygging av sikringshytte. Forvaltar meiner difor ny søknad må vurderast etter § 48, første alternativ, som seier at nasjonalparkstyret kan gjere unntak frå vernereglane om det ikkje strir mot føremålet med vernet og heller ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Det skal vere høg terskel for å få løyve til nybygg i verna område i Noreg, og det skal berre vurderast ved tungtvegande grunnar.

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt nok for å handsama saka. Sikringsbua vil stå på grunnfjell der det vil ha liten eller ingen negativ verknad på vegetasjon. Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området der hytta er tenkt plassert (Artskart og Naturbase sjekka 18.01.2024). Forvaltar meiner tiltaket ikkje vil ha negative konsekvensar for naturmangfaldet i området.

## Holmaskjer

Turisthytta Holmaskjer vart bygd i 1988. Like ved ligg dei to Pyttebuene som blei bygd på 1950-talet for forskning på breen. Holmaskjer er eit viktig punkt på den historiske vandreruta over breen mellom Sundal og Tokheim. Vandreruta er ein del av nesten 200 år med turisme og reiseliv på Folgefonna.

OUT søker om å få setje opp ei hytte for å auke tryggleiken til besøkande på Holmaskjer i tilfelle brann. Omsyn til tryggleik for dei besøkande på Holmaskjer må vege tungt. DNT har dei seinare åra lagt opp til at det skal vere sikringshytter på alle hytter, i tråd med krav frå byggtknisk forskrift TEK 17. Det er ikkje lagt opp til ein auke i kapasitet på overnatting og sikringsbua skal berre nyttast ved nødstilfelle.



Besøkstalet på Holmaskjer har dei siste 20 åra lagt jamt på rundt 200 overnattingar i året.

### Verneføremål

Føremålet med vern av Folgefonna nasjonalpark er å verne dyr og plantar, landskap og kulturminne for ettertida. Dette inneber at det ikkje må gjerast inngrep som har negativ verknad på det urørte preget eller som kan skade dyre- og planteliv. Det må heller ikkje gjerast tiltak som kan skade dei geologiske verdiane i området. Urørt natur med villmarkspreget er ei mangelvare og får ei stadig aukande verdi i ei verd med aukande utbyggingstakt. Nasjonalparken skal gi folk tilgang til urørt natur, flotte naturopplevingar og spektakulære landskap der spora etter menneska er små. At ålmenta skal kunne utøve tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging er ein viktig del av verneføremålet. Tilbod om brevandring og tilgang til turisthytter kan sjåast som positivt for ålmenta sitt høve til friluftsliv og naturoppleving i nasjonalparken.

Nybygg på Holmaskjer vil legge beslag på urørt areal og slik sett redusere det urørte preget rundt Holmaskjer. For å minimere skadeverknadene på terrenget er sikringshytta tenkt plassert på søyler støyt til berget. Det skal ikkje sprengast eller murast grunnmur, så om hytta skal fjernast ein gong vil det vere minimalt med inngrep igjen. Sikringshytta legg opp til ein auke i areal utbygd på Holmaskjer med nesten 50 %, slik sett vil han auke preget av utbygging på sjølve Holmaskjer. I dag er det fire bygg spreidd over Holmaskjer, der pyttebuene er beskjedne bygg på rundt 5 kvm kvar. Forvaltar legg opp til at toalettbygget slik det står i dag skal fjernast og gi plass til ei betre toalettløysing for turisthytta, noko turlaget også jobbar mot. Det vil igjen seinke utbyggingsgraden noko. Forvaltar meiner at utbyggingsgraden totalt ikkje blir så stor at han går ut over verneføremålet når sikringshytta blir bygd som omsøkt og toalettbygget blir fjerna.

### Turisthyttene i nasjonalparken

Det er totalt tre sjølvbetjente turisthytter inne i Folgefonna nasjonalpark. Fonnabu (bygd 1975) er den største og mest besøkte turisthytta med 44 sengeplassar. Her sto ei ny sikringsbu ferdig i 1995 (før nasjonalparken vart oppretta i 2005). Fonnabu blei i tillegg bygd på i 2020 med løyve frå nasjonalparkstyret. Holmaskjer er den nest mest besøkte av dei tre turisthyttene med 18 sengeplassar. Sauabrehytta som ligg sørvest for Sauanuten har 10 sengeplassar. Breidablikk ligg rett i utkanten av nasjonalparken, ein times gange frå



Fonnabu og rommar 4 sengeplassar. Sauabrehytta eller Breidablikk har ikkje sikringshytte og det vert ikkje vurdert som aktuelt for desse hyttene. Forvaltar vurderer difor at presedensverknaden av å gi løyve til ei sikringshytte i Folgefonna nasjonalpark som liten. Etter søk på tilsvarande sjølvbetente hytter i andre nasjonalparker på DNT sine heimesider finn forvaltar at alle dei andre allereie har bygd sikringsbuer eller -hytter.

Ved vurdering av samla belastning jf. § 10, må ein sjå på kva konsekvensar tiltaket har på naturmangfaldet samla sett, i dag og i framtida.

Når det gjeld motorferdsel, vil det vere eit stort behov for flyging av material i byggeperioden, dette skal OUT søkje om i god tid før byggearbeidet startar. ). Det er eit mål i Folgefonna nasjonalpark å halde nivået på den motoriserte ferdsla så låg som mogleg Det er viktig at turlaget satsar på metodar og konstruksjonar som minimerer behovet for motorferdsel. Støy og uro frå helikopter vil vere merkbar i byggeperioden, men forvaltar vurderer dette som tolbart i ei avgrensa periode.

Turlaget meiner at dei i driftsfasen vil klare seg med same mengde motorferdsel som dei har i dag. Gjeldande løyve tillèt 4 turar årleg med helikopter og 4 turar med snøskuter til turisthytta til drift og vedlikehald. Tidlegare køyrebøker viser at OUT ikkje nyttar fleire løyve en kva som er naudsynt. Det meste av tilsyn vert gjort til fots på vår, sommar og haust. Forvaltar legg vekt på at OUT bør lage ein fleirårig plan for korleis dei skal handtere transportbehov til hytta utan at det går ut over dagens ramme for motorferdsel.

Ein byggjeprosess vil medføre ein god del søppel, men grunna dyr transport reknar ein med at materialane vert nytta til det fulle. Byggeavfall må handsamast på ein forsvarleg måte. Reint trevirke kan nyttast som brensel i omnen, og resten må flygast ned og leverast til godkjent mottak. Ureining og forsøpling er forbode i nasjonalparken.

### **Avløpshandtering**

Avløp frå kjøkken er tenkt lagt i eit røyr med fall mot ei av sidene. Det bør leggjast såpass langt ned i bakken at det ikkje er synleg. Det er snakk om små mengder med flytande materiale, då det ikkje er lagt inn vatn. Ein finn vatn 50 m i frå hytta.

Ny toalettløsning er ikkje med i sikringshytta i denne søknaden. Dette er teke ut for å gjere hytta mindre og lågare. Turlaget ønskjer å sjå på ei løysing med lukka toalett inne i hovudhytta. Det er ingen konkret tidsplan for dette arbeidet. Forvaltar meiner det bør vere eit vilkår for løyvet at toalettbygget blir rive og sanitærtilhøva blir forbetra på den eine eller andre måten. I vilkåra rår difor forvaltar til at turlaget får ei frist på 10 år til å lage ei betre toalettløsning og rive eksisterande toalettbygg.

### **Sikringsbu**

Det finst ingen klare definisjonar på kva ei sikringsbu/hytte skal vere eller kor store dei skal vere. Den norske turistforeininga har sjølv beskrive ei sikringsbu som ei hytte som ligg minst 50 meter frå hovudhytta, der føremålet er sikring ved brann. Sikringsbua vert ofte nytta til ekstra innkvartering for hund og eigar (Frå boka *Våre best bevarte hemmeligheter*, av Dag Terje Klarp Solvang). Forvaltar har gjort eit enkelt søk etter turisthytter som liknar på Holmaskjer i DNT-systemet. Det er svært ulikt korleis hyttene og sikringshyttene er bygd og korleis dei blir brukt. Dei aller fleste sikringshytter har sengeplassar som tel med i den totale



overnattingskapasiteten til hyttene (kjelde ut.no). Om så er vil sikringsbua slik den er omsøkt no auke overnattingsplassar frå 18 til 28 sengeplassar.

Forvaltar legg til grunn at det her vil vere retningsgivande om eit nytt bygg kan føre til auka ferdsel i området og om denne ferdselen kan forringe verneverdiane på nokon måte. OUT presiserer at dei ikkje vil legge til rette for at sikringshytta skal nyttast utanom naudstilfelle og at dei vil hengje opp skilt for at publikum skal nytte hovudhytta.

Av omsyn til tryggleik kan ein sjå behovet for å bygge ei sikringshytte ved Holmaskjer. Etter byggt teknisk forskrift frå 2017 /TEK-17) er det også lagt vekt på at bygg som vert nytta til overnatting og ligg avsides til skal ha eit reservebyggverk som kan brukast til overnatting ved brann. Holmaskjer turisthytte ligg avsides og særst vêrhardt til. Om ein skulle miste både Holmaskjer turisthytte og ein del av utstyret sitt i ein brann, vil ein i verste fall kunne vere heilt avhengig av ei sikringshytte for å berge seg.

Dagens alternativ til sikringsbu er toalettbygget, som berre rommar 2-3 personar og dekkjer ikkje dette behovet. Det er viktig at ein ved brann har god kapasitet på begge hytter, sidan det ikkje er mogleg å kome seg vekk herifrå ved uvêr.

Sjølv om behovet for byggetiltaket er til stades og ikkje strider mot verneføremålet for nasjonalparken, bør ein avgrense potensielle negative verknadar ved å nøye vurdere storleiken på sikringshytta. Hytta bør ikkje byggast større en kva som behovet og føremålet med hytta talar for.

Forskrifta for Folgefonna nasjonalpark seier at eit bygg skal være i tråd med tradisjonell byggjeskikk og vere tilpassa landskapet. Det er ikkje så lett å slå fast kva konkret som er "tradisjonell byggjeskikk" i dette tilfellet, sidan det er få andre bygningar å samanlikne med. Ein kan samanlikne med eksisterande bygning ved Holmaskjer og slik sett definerer denne hytta byggeskikken. Det planlagde bygget vil ha ein nokså nøktern stil/fasade og vil ha liknande farge som eksisterande hytte, og dermed ikkje skilje seg vesentleg ut. Sikringshytta skal ha lik retning som eksisterande hytte, men ligge lågare i terrenget.

Sikringshytta er tenkt plassert om lag 18 meter nordaust for eksisterande hytte. Då er det lang nok avstand mellom hyttene til at ein eventuell brann ikkje vil spreie seg frå den eine til den andre, men samstundes nær nok til at hyttene kan fungere i lag og dele ein del utstyr og fasilitetar. Nasjonalparkforvaltar meiner hytta er tilpassa landskapet, med ein naturleg plassering med tanke på snø- og vêrtilhøva. Sikringshytta er tenkt plassert på støypte søyler som igjen er forankra i fjellet med fjellboltar, og vil dermed ikkje krevje sprenging av fjell eller markant grunnmur. Det vil vere «luft» under sjølve hytta, noko som vil redusere vindfanget og gjere den mindre utsett for oppfonning av snø. Søylen vil dessutan redusere behovet for sement, og fundamentet vil vere praktisk mogeleg å fjerne dersom det skulle verte naudsynt ein gong. Då vil det vere minimalt med spor etter hytta.

OUT har ved å ta ned arealet på den omsøkte hytta teke vekk toalettløysinga som var planlagt. Forvaltar meiner dette er særst uheldig. Det er ved søk i hyttedatabasen til DNT funne mange døme på sikringshytter som er mindre eller i tilsvarande storleik som den no omsøkte sikringshytta (20-30 m<sup>2</sup>) som har begge desse funksjonane. Om desse skal vere retningsgivande bør ikkje arealet av ei sikringsbu inkludert do vere meir enn 20-30 m<sup>2</sup>.



Turlaget ønskjer å finne ei løysing med eit lukka toalettanlegg inne i hovudhytta på sikt og forvaltar dette må vere eit føremon for å få løyve til sikringshytte.

### **Presedens**

Verneområda rundt Folgefonna omfattar rundt 300 private eigedommar. Per i dag er det kjent rundt 40 hytter, buer og sel i verneområda. I tråd med tidlegare styrevedtak ved utviding av Fonnabu turisthytte i 2020, meiner forvaltar at det er eit tydeleg skilje mellom turisthyttene til DNT og andre private hytter i verneområde når det gjeld krav til tryggleik. Turisthyttene skil seg frå andre private hytter ved at dei er opne for ålmenta. Eit vedtak for DNT sine turisthytter bør difor ikkje gi presedensverknad for private hytter i verneområdet.

Av andre turisthytter i nasjonalparken som er opne for ålmenta er Fonnabu og Sauabrehytta relevante. Fonnabu har i dag allereie ei «sikringshytte» som kan nyttast dersom hovudhytta må evakuerast. Nasjonalparkstyret ga òg løyve til utviding av hovudhytta i 2020, med mål om å auke fellesarealet på hytta. Sauabrehytta er den tredje hytta som ligg innanfor nasjonalparken. Denne hytta ligg lågare over havet og er noko mindre vêrutsett. Her finst og ein mindre bygning å «rømme» til ved akutt behov som ligg omlag 300 meter unna. Sauabrehytta er ei mindre hytte (10 sengeplassar), har ingen merka sti til hytta og er mindre besøkt.

### **Konklusjon**

Forvaltar ser behovet for ein sikringshytte på Holmaskjer og behovet for å lage ei betre toalettløysing. Bygging av sikringsbua som omsøkt vil auke det bebygde arealet på Holmaskjer. Fjerning av eksisterande bygg for toalett og vedskjul vil igjen redusere det totale arealinngrepet på Holmaskjer og gi betre kontroll på ureining. Forvaltar meiner at om ein ser desse to tiltaka samla vil ikkje bygging av sikringsbu påverke verneverdiane nemneverdig eller gå ut over verneføremålet. Bruken av sikringsbua vil heller ikkje føre til auka ferdsel i området, men legge til rette for eit enkelt friluftsliv der tryggleiken til gjestene er teke i vare i naudstilfelle. Ei ny toalettløysing og riving av dagens toaletthus vil vere positivt for inntrykket av hyttene i landskapet og skape mindre ureining i nasjonalparken.





Arkivsaksnr: 2023/13980-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 17.10.2024

| Utval                        | Utvalssak | Møtedato   |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 24/24     | 24.10.2024 |

## Framlegg - søknad om å køyre organiserte turar med hundeslede i Folgefonna nasjonalpark - Monica Hundseid

### Innstilling frå forvaltar

Monica Hundseid får særskilt løyve til å kjøre hundeslede inn i Folgefonna nasjonalpark i samband med organisert turverksemd. Løyve er gitt med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 5.2.

For løyvet gjeld følgande vilkår:

- Løyvet gjeld i perioden 01.05.25 -15.07.25
- Løyvet gjeld for inntil 2 turar dagleg (tur/retur) med start frå Fonna Sommarskisenter, og med inntil 5 hundesledar per tur.
- All tilrettelegging og opphald for hundar skal skje utanfor nasjonalparken, på område peikt ut av Fonna Sommarskisenter og i samarbeid med andre aktørar.
- Støy frå basecamp bør ikkje påverke turoppleving inn i verneområdet.
- Hundebæsj og anna eventuelt avfall skal plukkast opp og ikkje etterlatast inne i nasjonalparken.
- Det må visast omsyn til dyreliv og andre friluftslivsaktivitetar i området.
- Søkjar skal avklare med Ullensvang kommune om hundecampen treng løyve etter plan- og bygningslova.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje sett til side regler i anna lovverk. Høyr med Ullensvang kommune om dette. Tiltakshavar må i tillegg avklare med aktuelle reiselivsbedrifter og grunneigarar.

---


|                     |  |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| Naturreservat       | Langebudalen   |




## Saksopplysningar

Monica Hundseid har søkt om løyve til å køyre hundeslede inne i nasjonalparken i samband med eit planlagt reiselivsinitiativ. Ho ønskjer å ta med turistar på hundekøyring i tidsrommet mai, juni og eventuelt halve juli i 2024, om føret tillet det. Planen er å ta med turistar på inntil to turar dagleg (morgon og kveld) med inntil 5 hundesledar per tur. Tal på turar vil avhenge stort av ver og føre og interessa blant turistar. Ho har vore i kontakt med Fonna Sommarskisenter som har peikt ut ein stad til dei ca. 30 hundane på ein fjellknaus, litt til sides for skisenteret. Hundebæsj vil plukkast opp langs løypa.

Per telefon opplyser søkjar om at sesongen 2024 var veldig god, at løysinga med camp fungerte godt og at dei samla opp og køyrte ned all hundeskitt frå nasjonalparken. Planen for 2025 er å ha camp på teltsleder på same lokalitet.



Kart over basecamp (opphald for hundar) og tenkt løypetrasé med start nær Fonna Sommarskisenter.



Kart som viser bruken av områda. Jo mørkare strek, jo meir brukt er ruta. Aktiviteten til breførarlaget, sommarskisenteret viser tydeleg. Det ser ut som traseen vald til hundekøyring er lite brukt til andre aktivitetar, men det er stort overlapp i aktivitet utanfor og rett ved vernegrensa (Strava Heatmap, 16.10.2024)

## Verneforskrift og verneformål

Søknaden må vurderast med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og forvaltningsplanen. Nasjonalparken har som verneføremål å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde. Samstundes skal ålmenta ha høve til å oppleve naturen gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Vernereglane § 3, punkt 5.1 og 5.2 for Folgefonna nasjonalpark seier følgjande om organisert ferdsel:

*5.1: All ferdsel og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur eller kulturminne.*

*5.2: Organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt tillatelse av forvaltningsmyndigheten*

I forvaltningsplanen vert ein aktivitet rekna som organisert når han krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltakarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentakning (definisjon frå forvaltningsplanen). Etter denne definisjonen gjeld saka organisert ferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

## Naturmangfaldlova



Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Det var gitt eittårig løyve til hundekøyring av nasjonalparkstyret i sak 32/23, 06.10.24. Dette var første året med organiserte hundesledeturar i Folgefonna og forvaltar sendte difor ut ein førespurnad til fleire lokale interessepartar for å høyre om deira erfaringar knytt til bruken av organiserte turar med hundesledar i nasjonalparken. Organisert ferdsel som ikkje er til skade på naturen kan betraktast som positivt da det gjer høve til naturoppleving i nasjonalparken og er ein næringsressurs for lokalsamfunna (jf, Forvaltningsplanen). Likevel kan kommersiell nytting av verneområde føre til auka press på både verneområda og randsona rundt. Allemannsretten gir rett til å ferdast og å opphalde seg i utmarka - når ferdselen "skjer hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet"

Forskrift for Folgefonna nasjonalpark opnar opp for at ein kan søke om særskilt løyve til organisert ferdsel eller ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Hundesledetøyring er ikkje forbode i utmark og på fjellet etter friluftslova. Hundesledetøyring fører med seg ei plikt til å ferdast med varsemd, i likhet med annan ferdsel etter allemannsretten og friluftslova. Etter hundelova følgjer også generelle aktsemdskrav for hald av hund. Naturmangfaldlova § 6 har også eit aktsemdskrav so gjeld for alle høve der det ikkje er gitt løyve. I søknad om organisert ferdsel med hund i Folgefonna nasjonalpark er det berre tilhøve inne i verneområde som blir vurderte og teke omsyn til. Alle ledd i aktiviteten som føregår utanfor vernegrensa må handterast av relevant regelverk.

Ved vurdering av søknaden har forvaltar lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved hundekøyring i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det observert hare, fjellrype og ramn og noko rovfugl som brukar området. Inne i nasjonalparken er løypa berre på bre, som har mindre verdi som habitat for artane. Stor aktivitet med hund kan nok uroe desse dyra, men det er usikkert for forvaltar i kor stor grad ein kan skilje dette frå uroing ved anna type ferdsel eller uroing frå sjølvne campen som er utanfor, men tett opp til vernegrensa.

Det er snakk om å køyre to turar dagleg i inntil 75 dagar (mai, juni og halve juli), med inntil fem hundesledar per tur. Det er den same ruta som skal følgjast på alle turane. Ruta er om lag 7 km lang og går i all hovudsak inne i nasjonalparken oppe på breen (sjå kart). Søkjar vil ha base for hundane ved Fonna Sommarskiser som ligg utanfor nasjonalparken. Tidsrommet er toppsesong for skiserteret som har sin hovudaktivitet utanfor verneområdet og for breførarlaget som baserer sin aktivitet på turar inn i nasjonalparken.

Eitt av føremåla med vern er å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde og gjere dette tilgjengeleg for alle gjennom enkelt friluftsliv utan teknisk tilrettelegging. Nordfonna er eit stort urørt område der mesteparten er verna frå store folkemengder fordi terrenget er utilgjengeleg. Ettersom etterspurnaden etter breopplevingar blir større aukar så presset på dei delane av breen som er lett tilgjengeleg. Innfallsporten frå sommarskiserteret er heilt i særstilling då ein kan køyre heilt til brekanten og kjem inn i nasjonalparken med ein kort spasertur. Terrenget her legg likevel ein del grensar for korleis området kan nyttast og all ferdsel kanalisert til dei same områda, som gir stort press på nokre avgrensa område (sjå kart over ferdsel). Det er ein mykje brukt innfallsport både for kommersielle aktørar og for



turlag og private. Etter naturmangfaldlova § 10 skal samla belastning på naturmiljøet vurderast.

I den avgrensa høyringa i samband med søknaden kjem breførarlaget med innspel at dei opplever negativ verknad av auka bruk av området. Særleg er det støy frå hundecampen som rekk langt inn i verneområda og som påverkar deira aktivitet negativt. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette vil særleg gjelde i ein nasjonalpark. Forvaltar ser ulempa med at støy frå hundecampen påverkar turopplevinga inne i nasjonalparken. Når det gjeld aktivitet som skjer utanfor vernegrensa kan ikkje nasjonalparkstyret styre denne, men vil vise til den generelle aktsemdsplikta som følgjer av naturmangfaldlova § 6. Om Ullensvang kommune skal handsame plassering av hundecamp etter sine regelverk kjem også naturmangfaldlova § 49 inn i spel. Her visast det til at om verksemd som ligg utanfor verneområdet kan påverke verneverdiane negativt skal ein vise omsyn til dette i sakshandsaminga.

Det er uklart for forvaltar om samla belastning her er så stor at å gi løyve til turar med hundekøyring vil overskride bæreevna for verneverdiane og opplevingskvalitetane i området. Både breførarlaget og søkjar tilbyr kommersielle tilbod for å vise fram brelandskapet i nasjonalparken i tråd med enkelt friluftsliv. I all forvaltning av verneområde skal vi bruke førevar-prinsippet for å sikre oss mot å overskride denne bæreevna. Det verkar som det høge presset særleg skapar problem på innfallsporten og at konfliktane mellom tilbydarane må løysast her. Det er også støy frå hundane når dei er på campen som påverkar verneverdiane negativt, då hundane stort sett er stille når dei er på tur. Aktiviteten verkar ikkje å føre til konflikt inne i verneområdet og er stort sett sporlaus. Søkjar bør vurdere om det er mogleg å finne alternative plasseringar av hundecampen som kan minske støy inn i verneområdet og press på innfallsporten i samråd med dei andre aktørane i området.

Forvaltar vurderer at det er så stort press ved innfallsporten ved sommarskiseretret at det forringar naturopplevinga for ein del av dei besøkande. Dette er konfliktar som bør kunne løysast ved betre organisering aktørane imellom. Forvaltar konkluderer med at det er rom for å gi løyve til hundekøyring i nasjonalparken med visse vilkår for eitt år. Etter neste sesong bør ein igjen vurdere samla belastning og påverknad utanfor vernegrensa for å sjå om det framleis er konfliktar eller om situasjonen har betra seg.



Arkivsaksnr: 2023/17709-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 15.10.2024

| Utval                        | Utvalssak | Møtedato   |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 25/24     | 24.10.2024 |

## Utviding og endring av løyve - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - Hjortedalen - Valestrand Beitelag

### Innstilling frå forvaltar

Løyvet til bygging av vedbod gitt av Folgefonna nasjonalparkstyre 26.07.2024, utvalssak 18/24, vert utvida til 01.12.2025.

For løyvet gjeld vilkåra frå løyvet gitt i sak 18/24, med visse endringar:

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Valestrand beitesforening v/Jofrid Valen løyve til bygging av ei bod ved hovudhuset i Hjortedalen, Mosnes 13 98/1 i Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gjeve med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* punkt 1.3 c.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bygging av vedbod med ytre mål og utforming i samsvar med søknad. Ytre mål: B= 2.7 meter, L= 4,4 meter, H= 3,6 meter (grunnflate = 11,88 m<sup>2</sup>).
- Bygget skal ha liggjande kledning. Kledninga skal ikkje vere impregnert og det skal nyttast tjæralin beis i same farge som hovudhuset.
- Taket skal vere av bølgeblekk og boda skal ha takutstikk.
- Bygget skal vere utan vindauge og med ei enkel dør tilsvarande hovudhuset.
- Søkjar er ansvarleg for å rydde opp etter byggjearbeidet og forsvarleg handtering av avfall.
- Byggjearbeidet skal vere avslutta og plassen rydda for byggjeavfall innan 01.12.2024.
- Når tiltaket er ferdig skal det dokumenterast med bilete som vert sendt til Folgefonna nasjonalparkstyre på [folgefonna@statsforvalteren.no](mailto:folgefonna@statsforvalteren.no)

---

|                     |  |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| Naturreservat       | Langebudalen   |





## Saksopplysningar

Løyvet til bygging av vedbod gitt av Folgefonna nasjonalparkstyret 26.07.2024, utvalssak 18/24, vert utvida til 01.12.2025.

## Søknaden

Saka er allereie handsama av Folgefonna nasjonalparkstyret. I forfølging av saka søker Kåre Høyland om utviding av fristen på sjølve løyvet og mindre endringar på sjølve bygget.

Han vil bygge vedboden som eit grindverksbygg etter same mål som godkjent av nasjonalparkstyret. Planen er å konstruere bygget heime og frakte det til Hjordedalen med helikopter våren 2025 og fullføre bygginga i.l.a sumaren. Bygget som allereie er påbegynt vil bli fjerna. Det er også søkt om å flytte heile bygget nokre meter mot nordaust som vist i kartet vedlagt under. Sidan bygget no er planlagt som eit grindverk, har søkjar endra høgde på byggeteikningane slik at det vert ståhøgde under tverrbjerkane, sjå byggeteikning.





Figur: Ny plassering vert i høgre ende av huset.

## Vurdering

### Lovheimel

Saka gjeld oppføring av bygningar i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Folgefonna nasjonalpark er i utgangspunktet verna mot inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar (Jf. § 3 pkt. 1.1). Det er opning i forskrifta for at forvaltningstyresmakta kan gi løyve til oppføring av bygningar i samband med husdyrnæring:

*1.3 c) Oppføring av bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.*

Forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark gjer følgjande føringar:

*«Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til å setje opp nye bygningar i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring... Forvaltningsstyresmakta kan setje vilkår m.a. om plassering, val av materialar og utforming.*

*Ved søknad om løyve til å føre opp bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, også gjenreising av stølshus etter pkt. 1.3 c i vernereglane, skal det følgje med landbruksfagleg dokumentasjon på at tiltaket trengst.»*

Vidare står det som målsetjing at:

- *Lovverket bør praktiserast slik at den tradisjonelle landbruksdrifta kan halde fram som før, så lenge ho ikkje kjem i strid med verneføremålet.*
- *Det er ynskjeleg å halde oppe beiting og tradisjonelle stølsområde i nasjonalparken, men utan å gjere større tekniske inngrep.*





Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal kome fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Forvaltar har vurdert tiltaket etter verneforskrifta og naturmangfaldlova då saka vart lagt fram for nasjonalparkstyret 31. mai (jamfør styrevedtak 11/24) og 26.07.2024, utvalssak 18/24. Det er inga endring i vurderinga av miljørettsprinsippa i nml. §§ 8-12.

Søklar ber om ein mindre tilpassing av plassering og høgde på bygget for å lette ein tradisjonell byggeskikk. Ny plassering er meir tilpassa landskapet. Forvaltar er einig med søklar om at ny utforming og plassering vil vere eit betre alternativ enn der bygget står i dag og rår til å gi løyve til ny plassering og utforming.

**ST 26/24 Referatsaker**

Stiegler Advokatfirma AS

Trondheim, 30.09.2024

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2023/8278

Saksbehandler:  
Helene Mokkelbost

## Vedtak i klagesak om retting av tiltak på restaurert stølsbu - Folgefonna nasjonalpark

Vi viser til klagen på Folgefonna nasjonalparkstyres vedtak 20.06.2023 om pålegg av retting av tiltak knyttet til utvidelse og restaurering av stølshus. Klagesaken ble oversendt ved Folgefonna nasjonalparkstyres brev av 10.10.2023. Vi beklager den lange saksbehandlingstiden.

### Vedtak

Miljødirektoratet endrer Folgefonna nasjonalparkstyres vedtak. Følgende tiltak pålegges rettet og skal godkjennes av nasjonalparkstyret innen 01.10.2025:

- Grunnmur: naturstein mures utenpå betongmur på vestlig og sørlig fasade minimum opp til 1 meter fra bakken. Dør i grunnmur males i samme farge som stølshuset.
- Steinmur ved inngangsparti: stein fra mur ved inngangsparti fjernes slik at muren etter retting er maksimalt 1,6 meter på det høyeste (nærmest veggen). Muren skal skråne nedover mot bakkeplan og gis en naturlig, avrundet utforming.
- Inngangsdør males i samme farge som stølshuset.

Vedtaket er fattet etter naturmangfoldloven § 69 første ledd og forvaltningsloven § 34 fjerde ledd.

Dette vedtaket kan ikke påklages.

### Bakgrunn for saken

Einar Riise søkte Odda kommune 11.07.2013 om utvidelse av sitt eksisterende stølshus og oppføring av naust på gnr. 49 bnr. 5. Stølshuset ligger i Folgefonna nasjonalpark og kommunen videresendte derfor søknaden til nasjonalparkstyret. Det ble gjennomført befaring høsten 2013 hvor forvalter, Statens naturoppsyn og Einar Riise deltok. Etter denne befaringen sendte Riise en mer utfyllende søknad datert 20.12.2013 til nasjonalparkstyret med tegninger av planlagt stølshus. I søknaden skriver Riise at aktuelle stølshus er i svært dårlig stand. Av søknaden fremgår: *Grunnmuren er innsegen over det mesta. Dagsljuset står inn gjennom vegger og golv.*

Bygningen er ikkje egna for beboelse slik den fremstår i dag. Riise opplyser at han har om lag 220 sau, hest og 14 storfe på gården. I tillegg høster han om lag 250 mål med eng, herunder 1,5 mål poteter og grønnsaker.



Bilder fra befaring

Styret ga Riise i vedtak 07.04.2014 tillatelse til oppføring av tilbygg på stølshuset på følgende vilkår:

- *Tilbygg og restaurering av selet skal vera i tråd med innsendt søknad datert 20.12.2013*
- *Byggeavfall skal fjernast frå området når arbeidet er avslutta.*

Det ble i dette vedtaket ikke gitt tillatelse til oppføring av naust, noe som ble endret på et senere tidspunkt. Naustet er ikke en del av denne klagesaken og omtales derfor ikke nærmere.

Statens naturoppsyn (SNO) gjennomførte 01.08.2022 kontroll av stølsbua. Oppsynet tok mål av bygningen og vurderte at lengde, bredde og høyde var i tråd med tillatelsen. Oppsynet var usikre på om følgende tiltak var i tråd med tillatelsen: takstein på taket, to ekstra vinduer, solcellepanel, utplassering av blå containere, grunnmur av sement under stølshuset, steinhaug og type stein i framkant av huset, samt steinmur og type stein øst for stølsbua. SNO ba derfor i brev av 25.08.2022 nasjonalparkstyret vurdere om disse tiltakene var i tråd med tillatelsen eller evt. skulle kreves rettet.

Det ble etter dette gjennomført befaring av stølsbua hvor representanter fra styret, forvalter, Einar Riise, bygningskonsulent i Vestland fylkeskommune og byggesaksansvarlig i Ullensvang kommune deltok.

Nasjonalparkstyret ga i vedtak 20.06.2023 etterfølgende tillatelse til flere av de tiltak som SNO hadde påpekt og som av styret ikke ble vurdert å være i tråd med tegningene og den gitte tillatelsen. Vi viser til redegjørelsen for dette inntatt i saksframlegg datert 05.10.2023. Disse tiltakene er dermed ikke pålagt rettet. Styret påla Riis i samme vedtak å rette følgende tiltak:

- *Grunnmur: Det er eit stort sprik mellom dei omsøkte byggeteikningane og grunnmur og kjellar slik han framstår i dag.*
- *Sørveggen av muren: For å framstå som på byggeteikning pålegg styret tiltakshavar å kle inn betongmuren på sørsida med ståande kledning, der dør og vindu får skodder eller tredekke som går i ett med kledningen på muren. Tredekke skal ha same farge som resten av hytta.*



- *Vestre gavlvegg: For å dempe inntrykket av muren her pålegg styret å legge ein støttemur i naturstein som blir lik dei andre sela på stølsvollen. Muren skal ikkje gå meir ut enn ein meter frå selet, fram til hjørnet på sørveggen og resterande betongmur opp mot kledning dekkast med ståande kledning eller bølgeblekk slik det er begynt dekk*



*overskytande stein og jordmassar. Ei enkel steintrapp i stil med dei andre sela på stølsvollen kan settast opp for å lette tilkomst til døra.*

- *Austre vegg og terrasse: Her er det murt opp ein terrasse med front på to meters høgde og sju meters lengd. Styret pålegg Einar Riise å fjerne stein frå bakkemur. Terrenget elles i terrassen skal tilbakeførast til opphavleg helning, med bruk av*



- *Inngangsdør: Styret pålegg søker å endre døra til ei tredør utan vindauge som omsøkt*

Rettingsvedtaket ble påklaget av Einar Riise 05.07.2023. Klagen ble etter avtale med styret begrunnet nærmere i brev 15.08.2023. Riise har etter dette kommet med tilleggsskriv av 25.10.2023.

### Klagers argumenter

Klagers argumenter fremkommer i foreløpig klage datert 05.07.2023, utfyllende klage datert 15.08.2023 og tilleggsskriv fra Riise oversendt ved brev av 25.10.2023.

I utfyllende klage vises til at opprinnelig stølshus var i svært dårlig forfatning. Stølen er sentral i Riises drift, idet både kyr og sauer er på beite og han er avhengig av å kunne oppholde seg i området for tilsyn med disse. Vedtaket som ligger til grunn for tiltakene viser til søknaden, men det er vanskelig å lese detaljeringsnivået i denne veldig tydelig med tegningsskisser av tiltaket. Det fremgår ikke klart hvordan grunnmuren skal utformes og denne er heller ikke målsatt. I vedtaket er det ingen krav til ferdigstilling.

I klagen anføres at de tiltak som kreves gjennomført i pålegget ikke harmonerer med formålet og hensikten med det regelverket vedtaket er hjemlet i. Verneforskriftens ordlyd ved tiltak som gjelder ombygging og vedlikehold av eksisterende bygning, er at slikt arbeid "*skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vera tilpassa landskapet*". Det anføres at de tiltak som er utført oppfyller disse vilkårene. Det bestrides at klager har etablert en "steintipp". Arbeidene medførte både byggegrop og overskuddsmasser med stein som det var nødvendig å håndtere på en best mulig måte. Det er ikke tilført steinmasse, og det vil heller ikke være steinrester igjen dersom Riise får fullført tiltakene etter planen.

Riise viser i sitt tilleggsskriv til at det i nasjonalparken er gitt tillatelse til helt andre nybygg, som Fonnabu og Holmaskjer, bare timer unna hans støl.

Klager mener pålegg om retting må oppheves og har følgende synspunkter/forslag til de konkrete rettingstiltakene:

### *Grunnmur*

Riise er ikke ferdig med arbeidene på grunnmuren og ønsker å dempe inntrykket av betongen ved å mure opp overskuddsstein/naturstein fra den opprinnelige grunnmuren utenpå denne. Klager vurderer dette å være i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpasset landskapet, i motsetning til nasjonalparkstyrets pålegg om å kle inn betongmuren med stående kledning og skodder. Dette vil også være svært upraktisk, særlig med mye snø, da kjelleren benyttes til lagring av saltstein og pellets. Betongmur er for øvrig ikke noe nytt i området idet ett av naboselene, oppført i 1928, også har betongmur. I tillegg til å mure stein på sør- og vestlig fasade foreslås at døren i grunnmuren kan males i tilsvarende farge som byggverket ellers.

### *Steinmur og terrenginngrep ved inngangsparti*

Steinmur og terrengtiltaket er ikke i strid med opprinnelig omsøkt og tillatt tiltak som tydelig viser at mur på østre vegg i høyden går opp til kledning i hovedplan. Riise anfører videre at bildene tatt av nasjonalparkstyret er misvisende for å vurdere landskapseffekten, og mener bildene under viser at det er lite ved de gjennomførte tiltakene som forrykker landskapsbilde i stølsområdet.



Terrenget foran inngangsdøren var flatt også før arbeidene tok til, men muren som holdt terrenget oppe var for en stor del rast ut. Gjennom arbeidet har Riise gjenfunnet de gamle løkkene i muren som ble benyttet til å tjore fast kyrne ved melking. Arealet foran døren er fylt inn med steinmasser som er kommet frem under grunnarbeidet. Dette er stedlige masser som er vanskelig å kvitte seg med på annen måte enn å deponere dem. Lysere steiner i muren vil med tiden gro til med lav og mose. Riise skriver i sitt tilleggsskriv til klagen at kravet om fjerning av deler av muren kan etterkommes ved at toppen tas bort slik at muren blir 1,6 meter på det høyeste.

### *Inngangsdør*

Klager erkjenner at omsøkt dør var uten vindu, dette ble endret på grunn av behov for større lysinnslipp og tilsyn med dyr. Døren er tradisjonell med sprosper som man finner igjen på øvrige vinduer både på stølshuset og på øvrige støler. Døren ble levert med feil fargekode og vil bli malt i samme farge som stølshuset.

## Nasjonalparkstyrets merknader

Nasjonalparkstyret har vurdert anførselene i klagen, men finner ikke at disse kan medføre endring av rettingspålegget.

## Miljødirektoratets vurderinger

Vi er klageinstans i saken, og kan derfor prøve alle sider av den. Vi kan også ta hensyn til nye omstendigheter og forhold som ikke er tatt opp i klagen.

### Aktuelle regler

Klagesaken gjelder pålegg om retting av tiltak nasjonalparkstyret mener ikke er i samsvar med gitt tillatelse til restaurering av stølshus i Folgefonna nasjonalpark.

Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark (FOR-2005-04-29-389) regulerer hvilke tiltak som er forbudt og krever søknad i nasjonalparken. Formålet med opprettelsen av nasjonalparken etter forskriften § 2 er

- å ta vare på et stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrer heilskapen og variasjonen i naturen fra låglandet til høgareliggende område med fjell og bre
- å ta vare på verdfull vassdragsnatur
- å sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar
- å sikre viktige geologiske førekomstar
- å sikre verdfulle kulturminne

I nasjonalparken er bl.a. ombygging av bygninger, graving, utfylling og påfylling av masse, fjerning av større stein og bakkeplanering, forbudt etter forskriften § 3 pkt. 1.1. Slike tiltak krever tillatelse for lovlig å kunne utføres. Av samme bestemmelse pkt. 1.3 bokstav a fremgår at forvaltningsmyndigheten (nasjonalparkstyret) kan gi tillatelse til ombygging og utvidelse av bygninger. Vedtak av 07.04.2014 er gitt med hjemmel i denne bestemmelsen. Det er utarbeidet en forvaltningsplan for nasjonalparken som gir retningslinjer for bl.a. vurderingen av søknader etter § 1.3 bokstav a: *Ved vurderinga vil det verte lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete i tillegg til omfanget av endringane. I ein søknad om ombygging/utviding er det svært viktig at behovet for eventuelle endringar vert gjort godt synleg.*

Forvaltningsmyndigheten kan etter naturmangfoldloven § 69 første ledd pålegge den ansvarlige å rette tiltak som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven.

### Konkret vurdering

I klagen anføres at de tiltak som kreves gjennomført i pålegget ikke harmonerer med formålet og hensikten med det regelverket vedtaket er hjemlet i, og det vises til forskriftens bestemmelse som gjelder vedlikehold og at vedlikehold skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk.

Vedlikehold er direkte tillatt etter forskriften – dersom tiltakene er å anse som vedlikehold og dette utføres i samsvar med tradisjonell byggeskikk. De tiltak Riise har gjennomført er ikke vedlikehold, men søknadspliktige tiltak. Da er det tillatelsen som avgjør hvilke tiltak som kan gjennomføres og på hvilken måte. Brudd på tillatelsen kan sanksjoneres (naturmangfoldloven §§ 74 og 75) og kreves rettet (naturmangfoldloven § 69).



Vilkåret for å kreve retting etter naturmangfoldloven § 69 i denne saken er at de tiltak som kreves rettet er i strid med den tillatelse som ble gitt, eller ikke omfattes av denne slik at de er i strid med forskriften for nasjonalparken. Innholdet i tillatelsen av 07.04.2014 blir dermed avgjørende for hvilke tiltak som i etterkant kan kreves rettet.

Miljødirektoratet tiltrer styrets vurdering av at dagens stølshus på flere punkt avviker fra tegningene som ligger til grunn for søknaden og de opplysninger som fremgår av søknaden. Søknaden gir en beskrivelse av et bygg som krever store endringer for å kunne fylle behov for beboelse i forbindelse med drift. Søknaden gir ikke detaljerte opplysninger om hvilke tiltak som tenkes gjennomført og hvordan, om f.eks. materialvalg, høyde på grunnmur, behov for utgraving, utfylling av masse, flytting av stein og planering, utover tegningene. Informasjon om dette burde fremkommet av søknaden og kunne også vært etterspurt av nasjonalparkstyret. Når det i tillatelsen kun vises til søknaden som er relativt knapp medfører dette at tillatelsen i liten grad rammes inn og det blir uklart hvilke tiltak den omfatter. En uklar tillatelse gjør det dermed mer krevende å peke på hvilke tiltak som er brudd på tillatelsen og kan rettes etter naturmangfoldloven § 69. Vi oppfatter at nasjonalparkstyret er enig i dette. Samtidig finner vi det klart at Riise har gått ut over gitt tillatelse når det gjelder innsetting av vindu som ikke fremgår av tegning, montering av solceller på vegg, innsetting av vindu og dobbel dør i underetasje (grunnmur), samt endringer og utvidelse av eksisterende steinmur ved inngangsparti. Nasjonalparkstyret har gitt etterfølgende tillatelse til flere av disse tiltakene, som dermed ikke er en del av klagesaken om retting.

Miljødirektoratet må etter dette ta stilling til hvorvidt Riise kan pålegges rettingstiltak på betongmur på underetasjens vestsida og sørsida, redusere steinmur ved inngangsparti og tilbakeføre terrenget til opprinnelig helning, samt skifte eksisterende ytterdør til tredør uten vindu. Det blir videre en konkret vurdering hvordan tiltakene skal rettes, herunder hva som gir den beste løsningen for landskapet.

I klagen vises til at stølshuset ennå ikke er ferdigstilt og at retting av tiltak ikke kan pålegges før man ser det endelige resultatet. Miljødirektoratet vurderer at flere av tiltakene fremstår som ferdige og avviker fra tegningene, som innsatt ytterdør og dobbel dør og vindu i grunnmuren som ikke er tegnet inn eller på annen måte beskrevet i søknaden og som dermed er ulovlige tiltak. Vi vurderer at grunnmuren selv om den opplyses ikke å være helt ferdig, avviker fra tegningene idet det er etablert en glatt betongmur uten struktur som også fremstår høyere enn på tegningene og dermed gir et annet inntrykk. Videre er endringene i terrenget utenfor inngangsparti ikke omsøkt og omfattet av tillatelsen. Alle disse tiltakene er i strid med eller ikke omfattet av tillatelsen og kan kreves rettet etter naturmangfoldloven § 69.

Når det gjelder utformingen av de konkrete rettingstiltak Riise er pålagt finner vi grunn til å endre disse og imøtekommer i all hovedsak de tiltak klager foreslår.

#### *Rettingstiltak på grunnmur*

Riise er pålagt å kle inn betongmuren med stående kledning samt skodder foran dør og vindu på sørlig vegg, samt å sette opp en støttemur på vestlig vegg. Vi tiltrer styrets vurdering av at dette vil dempe inntrykket av en høy, betongmurt grunnmur. Synlig grunnmur på stølshus i området er imidlertid ikke noe fremmedelement og vi finner at klagers forslag til slutføring av grunnmuren

ved å mure naturstein utenpå betongmuren på sørlig og vestlig fasade, vil gi en god løsning som demper inntrykket av betongen og ivaretar stølslandskapet. Dette krever at stein mures tilstrekkelig høyt opp på muren og vi setter som vilkår at stein mures opp til 1 meter fra bakken. I tillegg skal den doble døren i grunnmuren males i samme farge som støls huset, noe som ytterligere vil dempe inntrykket av tiltaket.

#### *Steinmur ved inngangsparti*

Nasjonalparkstyret pålegger Riise å fjerne stein fra bakkemur og tilbakeføre terrenget i "terarassen" foran inngangsdør til opprinnelig helning. Etablert mur med tilhørende planert terreng avviker klart i størrelse og utforming i forhold til bilder tatt ved befaring før igangsettelse. Riise opplyser i klagen at terrenget foran inngangsdør også tidligere var flatt og at muren som holdt terrenget oppe for en stor del var rast ut. Denne ble tidligere benyttet til å tjøre fast kyrne ved melking. Arealet foran døren er fylt inn med stedlige masser som etter Riises vurdering er vanskelig å kvitte seg med på annen hensiktsmessig måte, gitt stølens plassering. Etter Miljødirektoratets vurdering gir hverken bildene eller andre opplysninger i saken noen god beskrivelse av før-situasjonen og hva som var opprinnelig helning på terrenget. Vi er enig med nasjonalparkstyret at muren må reduseres og i større grad avrundes på enden lengst vekk fra veggen. Vi er også enige i at etablert parti foran døren gir et mer etablert, flatere inntrykk enn opprinnelig terreng som det ikke ville blitt gitt tillatelse til dersom det hadde blitt søkt om dette. Tiltaket er imidlertid nå etablert og vi er usikre på om fjerning av alle tilførte masser ved å deponere dem et annet sted i område eller ved utfrakt vil gi et klart bedre landskapsmessig inntrykk eller stå i samsvar med eventuelle kostnader ved dette. Vi finner at Riise må pålegges fjerning av topplaget på muren slik at det høyeste punktet på denne reduseres fra dagens 2,25 meter til 1,6 meter. Muren skal avrundes mot bakkeplan.

#### *Inngangsdør*

Miljødirektoratet vurderer at dør med vindu gir et mer moderne inntrykk enn opprinnelig, men at dette ikke gir en slik samlet virkning at døren må byttes. Vinduet har sprosser og står i stil med husets øvrige vinduer. Vi finner det tilstrekkelig at inngangsdøren males i samme farge som støls huset, i tråd med klagers forslag.

Hilsen  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Ivar Myklebust  
avdelingsdirektør

Terje Qvam  
seksjonsleder

Kopi til:

Einar Riise  
Folgefonna nasjonalparkstyre

Sandvin 24  
Njøsavegen 2

5750 ODDA  
6863 LEIKANGER

Fra: Haavik, Astrid Bakke[]  
Sendt: 26.08.2024 09:03:00  
Til: leif.sverre.enes@gmail.com[leif.sverre.enes@gmail.com]  
Tittel: Hogst i Ænesdalen


---

Hei!

Svar på spørsmålet ditt om hogst.

Du treng ikkje løyve til hogge grana i landskapsvernområdet vi snakka om. Eg har saksa ut gjeldande paragraf i verneforskrifta under som seier at grunneigar kan hogge ståande kulturskog utan løyve. Det står også at ein kan hogge etter plan godkjent av forvaltningsstyresmakta, har du også ein fleirbruksplan frå Vestskog? Eg fann han ikkje i farta. Retningslinene i forvaltningsplanen seier at du må gi beskjed i god tid før du byrjar tømmerhogst og det har du gjort no.

Eg reknar med det var den skogen som står i felt 2 på kartet du sikta til.  
Eg har kontakta Franscisca om skogbruksveg så då ventar vi på svar derifrå.



 Folgefonna nasjonalpark

 Bestand

 Gran, Enkelttre

 Lerk, Enkelttre

36

### **§ 3. Vernereglar**

#### **2. Plantelivet**

##### **2.1 Vern av vegetasjon**

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Det er forbode å innføre nye planteartar.

##### **2.2 Beite**

Beite er tillate.

##### **2.3 Hogst**

Reglane i punkt 2.1. er ikkje til hinder for:

- a. Hogst av ved til eigen bruk for hytter, stølar o.l. i landskapsvernområdet.
- b. Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og nødvendige med forvaltningsplanen etter [§ 7](#).
- c. Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta.

Med venleg helsing

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvaltar



**Folgefonna  
nasjonalpark**

Tlf: +47 55572135

Mobil: +47 40904341

**Besøksadresse:** Folgefonnssenteret, Skålafjæro 17, 5470 Rosendal

**Postadresse (arkiv):** Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

**Elektronisk postmottak:** [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/>



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Folgefonna nasjonalparkstyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Folgefonnsenteret  
Skålafjæro 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5557 2135  
fmvlpost@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Sakshandsamar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2023/13980-0 432.2

Dykkar ref. «REF»

Dato 30.09.2024

## Erfaringar med organiserte turar med hundeslede i Folgefonna nasjonalpark sesongen 2024

I 2024 vart det for første gong gitt løyve til organisert ferdsel med hundeslede i Folgefonna nasjonalpark. Det er lite erfaring med kva påverknad slike aktivitetar har på verneverdiane i Folgefonna nasjonalpark. I samband med at det er søkt om å køyre neste sesong også er forvaltar interesserte i å høyre dykkar erfaringar med hundekøyring etter årets sesong og inviterer til ein forenkla høyringsrunde.

Verneføremålet for Folgefonna nasjonalpark er:

Formålet med nasjonalparken er å:

- ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre
- ta vare på verdfull vassdragsnatur
- sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar
- sikre viktige geologiske førekomstar
- sikre verdfulle kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Ber om at de sender innspel om organisert hundekøyring

Med helsing

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Søknad hundekjøring på Folgefonna
- 2 Saksframlegg med vedtak

---

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <b>Nasjonalpark</b>        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| <b>Landskapsvernområde</b> | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| <b>Naturresevat</b>        | Langebudalen   |



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

---

Kopi til:  
Monica Hundseid

Fra: Folgefonni Breførarlag[post@folgefonni-breforlag.no]  
Sendt: 15.10.2024 21:38:15  
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]  
Kopi: Haavik, Astrid Bakke[astrid.haavik@statsforvalteren.no]; Monica Hundseid[monica\_lfl@hotmail.com]; Stig Otto Mjelde[stig@visitfonna.no]; odda-ullensvang.turlag@dnt.no[odda-ullensvang.turlag@dnt.no]; postmottak@ullensvang.kommune.no[postmottak@ullensvang.kommune.no]; rune.mikkelsen@miljodir.no[rune.mikkelsen@miljodir.no]; hardanger@naturvernforbundet.no[hardanger@naturvernforbundet.no];  
Tittel: RE: Melding frå Statsforvaltaren

---

Hei

Vedlagt er vår uttale vedrørende søknad om organiserte turar med hundeslede på Folgefonna 2025, samt kopi av reguleringsføresegnene for området.

Best Regards



Åsmund Bakke  
Manager  
Folgefonni Breførarlag AS  
Jonavegen 20, 5627 Jondal  
+47 47292594

Anniversary  
**30**  
yrs

[www.folgefonni.no](http://www.folgefonni.no)

FAQ:

[Juklafjord location](#) – [Blue Ice Hike start point](#) – [Fonnabu Booking](#)

[Blue Ice Hike](#) – [Private Guide](#) – [Glacier Kayak](#) – [Fjord Kayak](#) -[Accommodation Jondal](#)

---

**From:** sfvlpost@statsforvalteren.no <sfvlpost@statsforvalteren.no>

**Sent:** mandag 30. september 2024 13:08

**To:** Folgefonni Breførarlag <post@folgefonni-breforlag.no>

**Subject:** Melding frå Statsforvaltaren

Vår ref 2023/13980

Vennlig hilsen

**Astrid Bakke Haavik | nasjonalparkforvaltar**

e-post: [fmhoabh@statsforvalteren.no](mailto:fmhoabh@statsforvalteren.no)



**ST 27/24 Delegerte saker**



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2015  
sflvpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Bjørn Buer  
Buervegen 330  
5750 Odda

Saksbehandlar Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2020/11240-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 01.08.2024

## Delegert vedtak

Delegasjonssak

# Delegert løyve - Buer landskapsvernområde - helikoptertransport for tilsyn av storfe - Buerstølen - Bjørn Buer

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak*

Med heimel i *Forskrift om Buer landskapsvernområde* § 3 punkt 5.3 b), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Bjørn Buer løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Buer landskapsvernområde. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.08.2024 til 01.11.2024
- Løyvet gjeld for inntil 2 turar t/r frå Buer til Buerstølen
- Løyvet gjeld for transport av material, utstyr og gjetarar i samband med storfe
- Piloten må vise omsyn til rovfugl og anna dyreliv som kan bli uroa av flyginga.
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilag dagar
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **90 77 31 17**
- Det skal førast køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner. Køyreboka skal følgje med under transporten.
- Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember i år. Merk med referanse: **2020/11240**. Send gjerne på e-post til: [folgefonna@statsforvalteren.no](mailto:folgefonna@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette

**Nasjonalpark** Folgefonna  
**Naturreservat** Langebudalen  
**Landskapsvernområde** Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



## Saksopplysningar

Bjørn Buer har tidlegare fått fleirårig løyve til å frakte opp utstyr og personar til å vera på stølen ein periode for å føre tilsyn med storfe og sau. I 2020 sto det i søknaden:

*«Vi har skotsk høylandsfe og sauer på Buarstølen. I år er det mye farlige snøfener som ikkje er smeltet bort. Samtidig er det et generelt behov for ettersyn av dyra min på stølen, for å holde dei i dette området. Det er veldig viktig for å holde kulturlandskapet rundt stølen, og ha kontroll på dyra.*

*Eg er på jobb i Nordsjøen store deler av sommaren og behøver hjelp med tilsyn av dyra. Eg har god hjelp av foreldra mine til dette, dei er no blitt oppi åra, og kvier seg for opp og ned lia. Lia er veldig bratt, terrenget på stølen er mye flatere, og dei kjem seg fint rundt der, og mye av tilsynet gjøres rundt stølshuset. Det at det er folk der, gjør at dyra er der. Vi søker om transport. Søker derfor om 2 landinger i år og for 4 år framover.»*

Handsaminga av saka i nasjonalparkstyret i 2020 lød som følgjer:

*Styret kan ikkje sjå at 2 turer pr år vil vera ein ulempe for verneverdiane. I tillegg er søker aktiv næringsutdøver som driv aktivt med storfe inne i landskapsvernområdet. Dersom ein ynskjer å oppretthalde beiting med storfe må det leggest til rette for dette gjennom vilkår som sikrar driftsgrunnlaget. Transport av gjetarar i lag med utstyr til husdyrhald vil vera med på å sikre beiting i stølsområdet og sikre eit ansvarleg og trygt husdyrhald i området.*

Søkjar ønskjer no å forlenge løyvet med 4 nye år.

## Lovgrunnlag

Saka gjeld motorferdsel i Buer landskapsvernområde.

Søknaden må vurderast etter:

- Verneforskrift for Buer landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark
- Naturmangfaldlova §§ 8-12.

Verneforskrifta for Buer landskapsvernområde har eit generelt forbod mot motorisert ferdsl e etter § 3 punkt 5.1: «Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter».

Reglane i § 3 punkt 5.1 er ikkje til hinder for:

*b) Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring.*

Det er og opning i § 3 punkt 5.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

*b) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.*

Kva som er naudsynt ferdsl er omtalt i forvaltningsplanen. Her er det vist til at:

*«Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring er tillate, jf. pkt. 5.2 b i vernereglane. Nødvendig transport i denne samanheng er å frakte utstyr til bruk i næringa, slik som saltsteinar, gjerdematerialar, utstyr for ved- og tømmerhogst, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus, og frakt av sjuke dyr og naudslakt.»*



Det er og vist til at:

«Omfanget av motorisert ferdsel i verneområda skal haldast lågast mogleg. Behovet for motortransport etter (...) i vernereglane skal vurderast strengt og nøkternt før det vert gjeve løyve».

Samstundes er det i høve til landbruksdrift vist til at:

«Lovverket bør praktiserast slik at den tradisjonelle landbruksdrifta kan halde fram som før, så lenge ho ikkje kjem i strid med verneføremålet. Det er ynskjeleg å halde oppe beiting og tradisjonelle stølsområde i nasjonalparken, men utan å gjere større tekniske inngrep».

#### Naturmangfaldlova:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### **Vurdering**

Nasjonalparkstyret gav i 2020 fleirårig løyve til søkjar, noko som talar for at ein bør kunne gje tilsvarande løyve for fire nye år. Forvaltar sluttar seg til vurderingane som vart gjort den gang, men grunna oppnemning av nytt nasjonalparkstyre i 2024, meiner forvaltar at eit eventuelt fleirårig løyve bør leggjast fram for det nye styret. Neste styremøte blir ikkje før ut på hausten. På bakgrunn av dette gjev forvaltar løyve for i år, men ber søkjar om å søke på nytt neste år.

Ved vurdering av om det skal opnast for motorisert ferdsel er det viktig å vurdere både behov og alternative løysingar. Transport av naudsynt utstyr som gjerdemateriell og saltstein er allereie unntatt søknadsplikt i forvaltningsplanen. Persontransport i landbruket kan ikkje seiast å vera naudsynt med mindre det er eit konkret behov.

Lokaliteten det skal fraktast personar til er Buerstølen, ein stad med sti som ein vanlegvis går til fots. Behovet for transport er knytt til eldre gjetarar som finn det utfordrande å gå opp lia til fots. Alternativet er at gjetarane går opp sjølve, men det er søkjar som må vurdere om dei personane han nyttar til gjeting har dei naudsynte eigenskapane.

Det skal vera ein høg terskel for bruk av helikoptertransport, særleg for persontransport, for å unngå faren ved presedens. Det er fleire som har husdyr på utmarksbeite i nasjonalparken og landskapsvernområda, og ein auke i helikopterbruk til gjeting vil føre til auka motor ferdsel. Likevel er det berre søkjar som har storfe i eit verneområde utan vegtilknytning, så faren for presedens er vurdert som liten.

Verneforskrift og forvaltningsplan legg til rette for at tradisjonell landbruksdrift kan utviklast i landskapsvernområda. Søkjar driv med høglandsfe for kjøtproduksjon, som ikkje er tradisjonell storfehold med mjølkekyr eller ungdyr på stølen. Det er viktig å leggje til rette for storfe i fjellområda, sidan desse bidreg til større artsmangfald i floraen ved at dei beitar på andre typar vekstar enn småfe.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av



året. Det kan vere rovfugl i området, men ein er no forbi den mest sårbare perioden i hekketida. Det er sett vilkår om at piloten viser omsyn til rovfugl og anna dyreliv som kan bli uroa av flyginga.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Grunna krevjande terreng og årstid er helikopter best eigna.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagane for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrning av dyrelivet i området. Perioden for flyging fell utanfor den mest sårbare tida for rovfugl. Det er gitt løyve til 2 turar med helikopter t/r. Helikoptertransport er kostbart og forvaltar ser ikkje grunn til at søkjer vil nytte fleire turar enn kva som er naudsynt.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltar har vurdert den samla belastninga og vurderer den som avgrensa.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, seinast 31. desember.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Lars Mikkjel Hus Kråkenes  
Nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune  
Statsforvaltaren i Vestland  
SNO Rosendal

Opheimsgt. 31  
Njøsavegen 2

5750  
6863

ODDA  
LEIKANGER



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfv/post@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Norges Geologiske Undersøkelse  
Postboks 6315 Torgarden  
7491 TRONDHEIM

Saksbehandler Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2022/10242-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 26.08.2024

## Delegert vedtak

|                |        |
|----------------|--------|
| Delegasjonssak | 2/2024 |
|----------------|--------|

# Utvida løyve 2024 - Søknad om lavtflyging og landing med helikopter på Hersetenuten og Ridbjørg i Folgefonna nasjonalpark - Norges Geologiske Undersøkelse - Folgefonna nasjonalparkstyre

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak*

Med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48, fyrste ledd og fyrste alternativ, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Norges Geologiske Undersøkelser (NGU) løyve til bruk av helikopter for kartlegging av store fjellskred og ustabile fjellparti i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.08. - 30.09.2024
- Løyvet gjeld for inntil to landingar på Ridbjørg og inntil to landingar på Hersetenuten.
- Det kan monterast 1 stk. GPS-bolt for måling av periodiske bevegelsar ved Ridbjørg (som vist i Figur 2).
- Transporten skal skje utanom helg og heilagdagdar
- Før transport skal Statens naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**.
- Det skal førast køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner.
- Køyreboka skal følgje med under transporten.
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember 2024**. Merk med referanse: 2022/10242. Send gjerne på e-post til: [folgefonna@statsforvalteren.no](mailto:folgefonna@statsforvalteren.no).


## Søknad

NGU søker om løyve i brev datert 29.05.2024 til å lande med helikopter ved dei to fjellpartia Hersetenuten og Ridebjørg i og ved Folgefonna nasjonalpark (Figur 1). Bakgrunnen er at dei

Nasjonalpark Folgefonna  
Naturreservat Langebudalen  
Landskapsvernområde Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



driv kartlegging av ustabile fjellparti i delar av Norge for å kunne førebygge skredulukker. Dei ønskjer samstundes å montere ein GPS-bolt for måling av periodiske bevegelser i berget. Dei gjennomførte tilsvarende kartlegging i 2022, med løyve frå nasjonalparkstyret.



**Figur 1.** NGU vil kartlegge ustabile fjellparti ved Hersetenuten og Ridbjørg.



Figur 2. Døme på korleis monterning av GPS-bolt ved Ridbjørg vil sjå ut.

### Lovgrunnlag

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter:

- Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark
- Naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at:

«Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter».

I forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark er det lista opp nokre retningslinjer for forskning og undervisning:

- *Forskning og undervisning som vert lagt til verneområda skal ta omsyn til verneføremålet.*
- *Forskningsprosjekt som krev dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova skal utførast av instans med relevant forskingskompetanse.*
- *Forskningsprosjekt som vil medføre motorferdsel eller inngrep vert generelt frårådd, men må vurderast i kvart enkelt tilfelle.*
- *Forsknings- og undervisningsopplegg som like gjerne kan gjennomførast utanfor verneområda, bør visast dit.*





Saka må vurderast etter naturmangfaldlova § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) som seier at: *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*. I dette tilfellet vil ikkje kartlegginga ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane.

### Vurdering

Forvaltar meiner at NGU si kartlegging ikkje strider mot verneføremålet til Folgefonna nasjonalpark og ikkje vil påverke verneverdiane nemnande. Vilkåra i naturmangfaldlova § 48, første ledd og første alternativ er difor oppfylt. Når det gjeld montering av GPS-bolten, er dette eit mindre fysisk inngrep i berget, som vil vere nær usynleg. Det er i tillegg lagt vekt på at undersøkinga er del av eit nasjonalt prosjekt som har ein vesentleg samfunnsnytte i høve til tryggleik.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året. I høve til uregistrerte lokalitetar som spesielt gjeld rovfugl, er dette i august/september og utanom hekketid.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Kartlegginga legg opp til bruk av helikopter for å sørge for mest mogleg effektiv og skånsam kartlegging. Helikopter mest føremålstenleg då dei ustabile fjellpartia er krevjande å nå til fots.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre i helg og heilagdaggar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

---

Med helsing

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:  
SNO Rosendal



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Bergen og Hordaland Turlag v/ Johnny Bjørge

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2024/15238-0

Dykkar ref.

Dato 15.10.2024

## Delegert vedtak

|                |        |
|----------------|--------|
| Delegasjonssak | 7/2024 |
|----------------|--------|

# Løyve til motorferdsel til Breidablikk turisthytte i Bondhusdalen landskapsvernområde

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak*

*Med heimel i Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 b), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Bergen og Hordaland turlag løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Bondhusdalen landskapsvernområde. For løyvet gjeld følgjande vilkår:*

- *Løyvet gjeld i tidsrommet 16.10. – 30. 10.2024*
- *Løyvet gjeld for transport av material til vedlikehald av Breidablikk turisthytte*
- *Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilag dagar*
- *Løyvet gjeld ikkje persontransport*
- *Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon 907 73 117*
- *Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner*
- *Køyreboka skal følgje med under transporten*
- *Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år** Merk med referanse: 2024/15238. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)*

*Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.*


Nasjonalpark Folgefonna  
Naturreservat Langebudalen  
Landskapsvernområde Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



## Søknaden

Fjerde oktober søker Bergen og Hordaland turlag om ekstra motorferdselløyve til Breidasblikk turisthytte og skriv: «Vi har behov for å gjøre tiltak på tak og pipe på hytta grunnet lekkasjer. For å få utbedret lekkasjen har vi behov for transport av utstyr, materiell og personell. Har et håp om å få dette gjennomført før vinteren starter. Transport behovet er 2 landinger på Breidablikk.»

Tillatelsen bør vare i tidsrommet 10 oktober – 30 november 2024. Transporten er tenkt utført fra Rennedalen til Breidablikk, sjå kart.



## Verneforskrift og verneformål

Saka gjeld motorferdsel i Bondhusdalen landskapsvernområde. Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

For Bondhusdalen landskapsvernområde er det i § 3 pkt 5.3 b) opna for å gje løyve til:

*b) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og



naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med drift av turisthytter, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med snøskuter på vinteren eller med helikopter for å unngå slitasje på terrenget. Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (sist sjekka 13.05.2024). Turlaget har eit fleiråig løyve til motorferdsel til Breidablikk og Fonnabu som gjeld frå 2024 til 2027 og opnar for 6 hiv og to landingar årleg. Forvaltar legg til grunn at turlaget planlegg at drift og vedlikehald av turisthyttene skal gjennomførast innanfor rammene av desse fleirårige løyve for å gjere det meir føreseieleg kor mykje motorferdsel turisthyttene genererer i verneområda. Turlaget har hatt fleire år med ekstraordinære

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdaggar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. I søknaden bes det om at det vert opna for å flyge i helg, då arbeidet i stor grad vert gjort på dugnad. Det kan ein forstå, men ein ynskjer at motorferdsla vert gjort på kvardagar dersom det er mogleg å få til.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka. Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 køyrebokordning, denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember** kvart år.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvalter



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune  
SNO Rosendal

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnsenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Håvard Reinsnos Apold  
Svarthammarlia 46 A  
5470 Rosendal

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2024/11769-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 30.08.2024

## Delegert vedtak

|                |        |
|----------------|--------|
| Delegasjonssak | 3/2024 |
|----------------|--------|

## Løyve til motorferdsel

### Delegert vedtak

**I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:**

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde* og naturmangfaldlova § 48, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Odda/Ullensvang turlag løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 02.09.2024 – 15.10.2024
- Løyvet gjeld 3 turar til Reinanuten for transport av stein og mannskap til bygging av varde og ein landing ved Isvatn for merking av sti og fiksing av skilt
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilag dagar
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal først køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal først i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember** Merk med referanse: 2024/11769. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)


Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

**Nasjonalpark** Folgefonna  
**Naturreservat** Langebudalen  
**Landskapsvernområde** Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



## Søknad

Odda og Ullensvang turlag søkte 6. august om løyve til å fly med helikopter i samband med vøling av varden på Reinanuten og for å merke sti og fiske skilt ved Isvatn. Det er behov for tre turar til Reinanuten og ein tur til Isvatn.



### Lovheimel:

Saka gjeld motorferdsel i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter verneforskriftene og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

*I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter».*

*I Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde § 3 punkt 5.1 står det:*

*«Motorferdsel er forbode på land, i vatn og i lufta under 300 meter.»*

*5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:*





*b. Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l*

Det er ikkje klart om motorferdselen vert dekkja av denne regelen så forvaltar føresett at ein må gje ein dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Saka må vurderast etter § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. I dette tilfellet vil ikkje motorferdsla ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

## Vurdering

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn stein og mannskap i samband med vøling av varden på Reinanuten. Det er ikkje opna for å gje løyve til denne type motorferdsel direkte i verneforskrifta. Forvaltar legg til grunn at motorferdsla kan passe under det som kallast mellombelse inngrep utan stor innverknad på verneverdiane etter § 48 i naturmangfaldlova. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 29.08.2024).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdaggar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. Det vart søkt om å vøle varden på Reinanuten i 2022 også. Turlaget bør vurdere om det er naudsynt med motorferdsel kvar gong varden må vølast eller om ein bør finne andre løysingar for å skåne miljøet.



Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Nasjonalparkstyret ynskjer at fleirårige løyve skal vurderast i løpet av styreperioden. Det er difor høve til å søkje om fleirårig løyve for ein 4 års periode. Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember.**

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SNO Rosendal  
Ullensvang kommune

Opheimsgt. 31

5750

ODDA



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Per Magne Enes

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2021/13019-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 29.08.2024

## Delegert vedtak

Delegasjonssak

# Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - ATV - hjort - Ænesdalen - Nyskre - Hestabotnen - Per Magne Enes 2024

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:*

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 e, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Per Magne Enes løyve til bruk av ATV for uttransport av felt hjort i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil fire turar t/r i tidsrommet 2.09.2024 - 23.12.2024
- Løyvet gjeld ATV transport av felt storvilt på strekninga vist i kartet nedanfor
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdaggar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember**. Merk med referanse: 2021/13019. Send gjerne på e-post til: [fmvlpost@statsforvalteren.no](mailto:fmvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette


## Søknaden

Per Magne Enes søkjar om løyve til motorferdsel i Ænesdalen landskapsvernområde og i Folgefonna nasjonalpark i samband med uttransport av felt hjort. Transporten vil gå føre seg

**Nasjonalpark** Folgefonna  
**Naturreservat** Langebudalen  
**Landskapsvernområde** Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



med ATV frå Nyskreda i Hestabotnen og ut til Ænessetra. Tidsrommet det søkast om er frå søknaden er innvilga og fram til 23.12. Det er søkt om 6 turar t/r. Sjå strekning i kartet.



## Lovheimel

Søknaden gjeld motorferdsel i Ænesdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter:

- *Forskrift om vern av Ænesdalen landskapsvernområde*
- *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark*
- *Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark*
- *Naturmangfaldlova*

I Ænesdalen landskapsvernområde er det opna for uttransport av felt hjortevilt utan at det er søknadspliktig, (jf. pkt. 5.2 d) i vernereglane. Motorferdsel på bakken vil her berre vere tillate på eksisterande vegar og traktorvegar.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter». Det er likevel opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

e) *Motorferdsel for uttransport av felt storvilt*

Forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark set følgjande føringar til motorferdsel for uttransport av felt storvilt:



«det må gjerast ei konkret vurdering opp mot mål i bestandsplanar, og om dyra like gjerne kan fellast annan stad i valdet, utanfor nasjonalparken. Ved bakketransport må faren for terrengslitasje vurderast. Eit eventuelt løyve kan uansett ikkje nyttast før etter at dyret er felt... Det skal førast ein restriktiv praksis på å gje løyve motorferdsel til uttransport av felt storvilt. Det skal setjast vilkår om tal på turar og tidspunkt for motorferdsla.»

#### Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Her skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

### **Vurdering**

Ein kan sjå behovet for å nytte ATV for å transportere ut felt hjort i Folgefonna nasjonalpark i dei tilfella ein ikkje kan nå felte dyr på anna måte. Det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. I Ænesdalen landskapsvernområde er det opna for motorferdsel for å frakte ut hjort, så lenge ein nyttar eksisterande traktorveggar. I både 2021 og 2022 vart det gitt løyve til søkjar om inntil fire turar, medan to turar vart nytta. I år søkjast det om 6 turar, men forvaltar legg til grunn at det skal vere ein restriktiv praksis på tal turar og har difor gitt løyve på fire turar, noko som samsvarar med tidlegare løyver og køyrebøker. Om søkjar ønskjer fleire turar på sikt kan behovet dokumenterast etter føringane i forvaltingsplanen.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av ATV i høve verneformålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er to aktuelle transportformer som begge er skånsame for terrenget, men har andre verknader på miljøet. ATV kan føre til slitasje på vegetasjon der det nyttast, men er i dette tilfellet eigna da det ikkje er vinterføre og transportstrekningen er relativt kort. Det er ein føresetnad at ein nyttar eksisterande trasear så godt det let seg gjere.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å flyging i helger og på heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.



Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre har ei køyrebokordning, køyreboka skal leverast etter avslutta sesong, **seinast 31. desember.**

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SNO Rosendal

Kvinnherad kommune

Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL



**Folgefonna  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Folgefonnenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Sara Førde  
Fjordavegen 1299  
5776 Nå

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2024/12647-0

Dykkar ref.

Dato 30.08.2024

## Delegert vedtak

|                |        |
|----------------|--------|
| Delegasjonssak | 4/2024 |
|----------------|--------|

# Delegert vedtak - Motorferdsel med helikopter i Folgefonna nasjonalpark - Raunsdalen - Folgefonna nasjonalparkstyre

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:*

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Sara Førde løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 03.09.– 31.10.2024
- Løyvet gjeld for transport av material, proviant og utstyr til stølshus
- Løyvet gjeld for frakt til hytte på gnr/bnr 147/1 i Raunsdalen (sjå kart i saka)
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember**. Merk med referanse: 2023/11514. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

## Søknaden

Eigar søker 23.08.2024 om løyve til to turar i perioden september oktober. Formålet er å køyre opp ved, div. material, og å skifte ut ein do, på garden si hytte ved vatnet. Div material og den gamle doen må ned att på neste tur. Det er mogeleg å lande helikopteret like ved hytta.

Nasjonalpark Folgefonna  
Naturreservat Langebudalen  
Landskapsvernområde Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



## Vurdering

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

### **Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12:**

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn utstyr i samband med vedlikehald av hytter og stølshus, og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneformålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 08.08.2023).





I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagane for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

### **Informasjon om klage**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SNO Rosendal  
Ullensvang kommune

Opheimsgt. 31

5750

ODDA



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

Postadresse  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Besøksadresse  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

Kontakt  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Leif Ove Jordal  
Fjordavegen 988  
5750 Odda

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2024/15236-0

Dykkar ref.

Dato 15.10.2024

## Delegert vedtak

|                |        |
|----------------|--------|
| Delegasjonssak | 8/2024 |
|----------------|--------|

# Delegert løyve - Søknad om motorferdsel med helikopter og drone for å finne sau på utmarksbeite - Folgefonna nasjonalpark

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak*

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 b), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Leif Ove Jordal løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 16.10.-01.11.2024
- Løyvet gjeld for helikopter og drone for leiting etter sau på utmarksbeite
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilag dagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember** Merk med referanse: 2024/15236. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.

Nasjonalpark Folgefonna  
Naturreservat Langebudalen  
Landskapsvernområde Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



## Søknaden

Leif Ove Jordal søker i epost og per telefon måndag 14.10 om løyve til å leite etter sau på utmarksbeite i Folgefonna nasjonalpark. Søkjar har sau på beite i området rundt Raunsdal og det er eit hundretals dyr som han ikkje finn etter sanking. Planen er å nytte helikopter og drone for å leite etter dyra så snart som mogleg. Det vert leita med utgangspunkt i Raunsdalen. Det vert i utgangspunktet søkt om ein tur med lågtflygning og ei mogleg landing. Søkjar ønskjer å få løyve til to turar i tilfelle første tur vert bomtur. Det er planlagt å fyke så snart som mogleg før 01.11.

### Lovheimel:

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdsle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

### b) motorferdsel i samband med husdyrhald.

I følgje forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark er nødvendig transport i samband med husdyrhald: Å frakte utstyr til bruk i næringa, t.d. saltsteinar, gjerdemateriell, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus og proviant til slike.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

### **Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12:**

Det er behov for motorferdsel i samband med husdyrhald og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Det er søkt om å fly både med drone og med helikopter for å drive eit effektivt søk etter sau og forvaltar meiner dette vil vere innanfor heimelen som er gitt i forskrifta § 6.3 b). Det er ved fleire andre høve gitt løyve til motorferdsel i samband med ettersøk etter sau i skorfeste i Folgefonna nasjonalpark.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneformålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje



registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 15.10.2024).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagdar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast **seinast 31. desember**.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

Postadresse  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Besøksadresse  
Folgefonnssenteret  
Skålafjæra 17  
5470 Rosendal

Kontakt  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5557 2135  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

post@stibbyggjaren.no

Saksbehandlar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2024/2959-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 03.09.2024

## Delegert vedtak

|                |        |
|----------------|--------|
| Delegasjonssak | 5/2024 |
|----------------|--------|

# Løyve til motorferdsel - Bondhusdalen landskapsvernområde - restaurering av sti - Pyttelva til Nædstasetra

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre  
29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 5.3  
b), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Stibbyggjaren AS løyve til bruk av helikopter for  
nyttetransport i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 05.09 – 30.09.2024
- Løyvet gjeld for transport av stein til å setje i stand stien frå Pyttelva til Nyasetra.
- Løyvet gjeld for inn til tre dagar med fyking.
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagdar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post [rune.mikkelsen@miljodir.no](mailto:rune.mikkelsen@miljodir.no) eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år** Merk med referanse: 2024/2959. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

Nasjonalpark Folgefonna  
Naturreservat Langebudalen  
Landskapsvernområde Bondhusdalen, Buer, Hattebergsdalen, Ænesdalen



## Søknad

Stibbyggjaren AS har fått oppdrag frå Folgefonna nasjonalparkstyre å setje i stand stien frå Pyttelva til Nyasætra i Bondhusdalen landskapsvernområde. Stien her er slitt etter mykje ferdsel og trakk og erosjon frå vatn. Etter oppstarssynfaring på stien med forvaltar 02.09.2024 vart det klart at det var behov for å fyke inn stein, då det ikkje var nok gode murstein i terrenget som kunne nyttast. For å sikre god gjennomføring må det hentast stein utanfrå verneområdet og i terrenget rundt stien med helikopter. Arbeidet skal vere ferdig innan 30.09.2024. All landing og letting vil skje utanfor landskapsvernområdet og steinen vert frakta med lang line i biggagar.

## Lovheimel

Saka gjeld motorferdsel i Bondhusdalen landskapsvernområde.  
Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde § 3 punkt 5 er det opna for å gi løyve til:

- b. Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12:

Nasjonalparkstyret har i år eit prosjekt på å setje i stand stien frå Pyttelva til Nyasætra. Stien ber preg av slitasje på grunn av mykje ferdsel og dårleg drenering. Stien nyttast også til buføring og slik han er nå er det stadvis vanskeleg å få dyr forbi på nokre parti. Føremålet med prosjektet er å lette framkomme for husdyr og hindre unødig slitasje på vegetasjonen langs stien som følge av ferdsel. I utgangspunktet er det ønskeleg at ein nyttar lokal stein til å bygge, men forvaltar ser behovet for å frakte inn stein for å få gjennomført stiarbeidet. Forvaltar vurderer at tiltaket kan leggjast under bestemminga i § 3 punkt 5 b), naudsynt transport av materiale til stølshus og liknande. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 03.09.2024).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikhtar med friluftslivet.



Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagat for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

### **Informasjon om klage**

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune  
SNO Rosendal

Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL